



Fiskeridirektoratet Region Vest
Postboks 185 Sentrum
5804 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/3693 - 18/3100

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

01.02.2018

Oversending av søknad om dispensasjon for frådelling av areal og etablering av reinseanlegg til uttale - gbnr 177/1, 4, 5, 36, 51 og 52 Nesse

Tiltak: Søknad om dispensasjon for frådelling av areal og etablering av reinseanlegg
Byggjestad: Gbnr: 177/1 Nesse
Tiltakshavar: Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS
Ansvarleg søkjar: Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå byggeforbodet langs sjø for frådelling/arealoverføring av areal samt for bygging av nytt reinseanlegg.

Det er i søknad gjort greie for at tiltaket ikkje er nabovarsla då alle aktuelle partar er del i saka og har delteke i prosessen fram mot frådelling.

Arealoverføring mellom gbnr. 177/4 og gbnr. 177/36 (NGIR).
Arealoverføring mellom gbnr. 177/5 og gbnr. 177/36 (NGIR).
Arealoverføring mellom gbnr. 177/51 og gbnr. 177/48 (NGIR).
Arealoverføring mellom gbnr. 177/52 og gbnr. 177/36 (NGIR).
Frådelling av areal frå gbnr. 177/1, Kjøpar Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS.

Planstatus

Tiltaka og dei aktuelle areala ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Kjevikdalen Fyllplass, utviding/planid.: 1263-201306 er definert som følgjande; Vegetasjonsskjerm, LNF, BAS (deponi) og BER (renseanlegg). Planen har status som gjeldande og vart vedteken 24.09.2015.

Planen manglar regulert byggegrense langs sjø. Dei skisserte tiltaka frådelling, arealoverføring og etablering av reinseanlegg krev at det vert gjeve dispensasjon i frå plan- og bygningslova § 1-8.

For delar av reinseanlegget som grensar mot det som i dag er eigd av gbnr. 177/1 er det søkt om dispensasjon i frå arealføremålet LNF.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Vi forstår søknaden til å omhandle søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 byggeforbodet langs sjø for frådeling/arealoverføring og etablering av nytt reinseanlegg. Samt frå LNF for plassering av fjellkskjæring i samband med etablering av nytt reinseanlegg.

I samband med handsaming av søknad om dispensasjon vart søknad sendt til regionale og lokale planstyresmakter for uttale i brev datert 22.12.17. Lindås kommune er positiv til dispensasjon, då det er ein mangel i reguleringsplanen at ikkje byggegrensa er lagt inn.

Bergen og omland havnevesen har i uttale datert 10.01.18 opplyst at i samband med deira handsaming av søknad vil saka måtte sendast på høyring til Fiskeridirektoratet. Søknaden vert difor oversendt dykk for vurdering i høve registrert naturvernområde i Rydlandsvågen.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Dokument i saka finn de [her](#).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Oversending av søknad til uttale - Dispensasjon for frådeling av areal og etablering av reinseanlegg - gbnr 177/1, 4, 5, 36, 51 og 52 Nesse

Vedlegg 1 Bakgrunn for søknad

Vedlegg 2 Kommentar til pkt i søknadsblankett

Vedlegg 3 Situasjonkart

Vedlegg 5 Krav frå Fylkesmannen

Vedlegg 6 Søknad om dispensasjon

Søknad om dispensasjon 20.12.17

Presisering av formålsgrense i C001

Kartutsnitt grunnkart gbnr 177_1_4_5_51 og 52

Kartutsnitt orthofoto gbnr 177_1_4_5_51 og 52

Kartutsnitt plankart gbnr 177_1_4_5_51 og 52

Uttale vedr søknad om løyve til etablering av renseanlegg for sigevatn, båtopptrekk m.m. - gbnr 177/28 , 36 Kjevikdalen

Tilleggsopplysningar til Fiskeridirektoratet.

Kopi til:

Nordhordland og Gulen Interkommunale

Lindåsvegen 1260

5956

HUNDVIN

Kopi til:

Renovasjonselskap Iks

Nordhordland og Gulen Interkommunale

Renovasjonselskap IKS

Lindåsvegen 1260

5956

HUNDVIN

Mottakrar:

Fiskeridirektoratet Region Vest

Postboks 185
Sentrum

5804

BERGEN